

Vegnummer: Fv. 835
Kommune: Karmøy
Prosjekt: 2017-173
Saksnummer: 17/51512
Saksbehandlar: Lars Kristian Aastvedt

Avtale om tiltreding og avtaleskjønn

Kjøpar:

Rogaland fylkeskommune ved Statens vegvesen Region vest

Eigar:

Geir Tundal Kjetland, eiga av gnr. 148 bnr. 7 i Karmøy kommune
Adresse: Vormedalsvegen 94 B, 5542 KARMSUND

1. Avtalen gjeld

Eigar gir kjøpar løyve til å tiltre nødvendig grunn av eigedommen for å gjennomføre bygging/utbetring av Fv. 835, prosjektet Vormedalsvegen - Sykkelveg med fortau samt VA-anlegg. Det vil seie at eigar gir kjøpar råderett over denne delen av eigedomen slik at anleggsarbeida kan komme i gang, sjølv om erstatninga enno ikkje er fastsett.

Inngrepet/avståinga går fram av reguleringsplan Plan 5065 - Vormedalsvegen - Sykkelveg med fortau samt VA-anlegg godkjent 06.02.2017. Endring av planen ble vedtatt 05.06.18

Inngrepet/avståinga går fram av w-teikning W110 (vedlegg1). W-teikning er oppdatert i samsvar med endringa av planen.

2. Spesielle vilkår ved avtalen

a) Permanent areal

Vegvesenet sørger for oppmåling etter ferdigstilling av prosjektet. Seljar aksepterer mindre fråvik i areal frå W-teikninga. Permanent areal følgjer av vedlagt W-teikning, **vedlegg 1**.

b) Midlertidig anleggsbelte

På eigedomen skal Statens vegvesen midlertidig beslaglegga eit areal til bruk i bygge- og anleggsperioden. Dette er areal som Vegvesenet treng å disponera i anleggsperioden for å kunne gjennomføra prosjektet. Arealet disponerast av Vegvesenet som anleggsområdet frå bygge- og anleggsstart og fram til avslutta anleggsperiode.

Det midlertidige areal går fram av vedlagt W- teikning (**vedlegg 1**), og vil bli tilbakelevert eigar i grovplanert stand, med fylgjande unntak: Eventuell råka gruslagt areal tilbakeleverast gruslagt, og råka asfalt re-asfalterast. Ved ferdigstilling av prosjektet vil den del av arealet som var plen før bygge- og anleggsstart bli re-etablert med ferdigplen. Seljer må sjølv vatna ferdigplenen straks etter at den er etablert. Statens vegvesen fråskriv seg alt ansvar for plenen etter etablering. Skulle grunneigar ynskja noko anna løysning, må grunneigar ta kontakt med byggherre, samt betale ev. mellomlegg.

Inngrepet skal være begrensa til det som er naudsynt for å gjennomføre prosjektet.

Hekk/beplantning/trær/gjerde eller liknande på midlertidig beslaglagt areal vert ikkje reetablert. Erstatning for dette vil inngå i den totale erstatningssummen.

c) Særlig tilpassing langs huset

Mellom huset og ny vegtilkomst vil høgdeforskjellen aukast. Aukinga vil være av ei slik størrelse at det må tilpassast med natursteinsmur for å oppretthalde profilhøgda på arealet utanfor huset. Langs huset skal det derfor settast nye natursteinsmurar. Det skal sørgast for ei samsvarande type mur langs strekket.

Grunna høgdeforskjellen skal det etablerast ny trapp til utleigedelen. Sjølv utforminga av trappa skal skje i dialog med eigar.

d) Måling av gjerdestolper

Før anleggsstart ved eigdommen skal rester av gjerdestolper mellom gnr. 148 bnr. 7 og gnr. 148 bnr. 158 målast opp. Dette skal skje i dialog med eigar. Etter ferdigstilling skal gjerdestolpenes plassering bli merka av på nytt asfaltdekke.

Når prosjektet er ferdigstilt vil det bli foretatt endeleg oppmåling. Eiendomsgrensa mellom gnr. 148 bnr. 7 og gnr. 148 bnr. 158 ved gjerdestolpane skal samstundes bli endeleg oppmålt og registrert i matrikkelen. Vegvesenet dekker naudsynte kostnader av det arbeidet.

e) Overskotsmasser

Overskotsmasser frå eigdommen, som Statens vegvesen ikkje treng til veganlegget, skal eigar bli tilbydt vederlagsfritt. Statens vegvesen tar atterhald om kjørbar veg til ønska tipp-plass.

Dersom tippinga av masser krev tillating frå andre offentlige myndigheter, er eigar ansvarleg for å hente inn slike tillatingar i forkant av tiltaket.

f) Norconsultrapport

Statens vegvesen aksepterer å dekke kostnad for konsulentrapport på kr. 19 388,00. Dette er inkludert i deloppgjøret, og skal ikkje være del av et eventuelt avtaleskjønn.

g) Midlertidig adkomstveg

Statens vegvesen får tillating til å etablere midlertidig adkomstveg frå eigendoms som vist på vedlagt skisse (vedlegg 2). Vegen skal nyttast for bebuarane i den del av anleggsperioden kor vanleg adkomstveg er utilgjengeleg. Ved tilbakeføring gjeld same vilkår som i punkt 2b.

3. Kjøpekontrakt

Dersom eigar og kjøpar på eit seinare tidspunkt blir einige om erstatninga, inngår partane ein kjøpekontrakt.

4. Avtaleskjønn

Dersom partane ikkje blir einige om ein kjøpekontrakt, er partane einige om at erstatninga skal fastsetjast ved rettsleg skjønn (avtaleskjønn) etter skjønnslova § 4. Eit eventuelt avtaleskjønn skal byggje på ekspropriasjonsrettslege prinsipp.

Kjøpar sørgjer for nødvendig bevissikring med sikte på eit eventuelt skjønn.

5. Deloppgjær

Når denne avtalen om tiltreding og avtaleskjønn er inngått, utbetaler kjøpar kr. 49 388,00 i deloppgjær av erstatninga. Kjøpar tek atterhald om at eventuelle panthavarar må gi samtykke til at deloppgjæret kan utbetalast direkte til eigar. Det er kjøpar som innhentar dette samtykket.

6. Renter

Kjøpar betaler flat rente av den erstatninga eigar eventuelt har til gode. Rentefoten som partane blir einige om, blir teken inn i kjøpekontrakten (jf. punkt 3). Rentene blir rekna frå den datoen då denne avtalen er underteikna av begge partar, til det endelege oppgjæret skjer (jf. ekspropriasjonserstatningslova § 10). Dersom partane ikkje inngår kjøpekontrakt, skal rentefoten fastsetjast i skjønnet.

7. Registrering i det offentlege eigedomsregisteret - matrikkelen

Kjøpar sender melding til kommunen om at denne avtalen er inngått, slik at avtalen blir registrert i matrikkelen (jf. matrikkellova § 22). Registreringa blir fjerna frå matrikkelen når oppmålinga og matrikkelføringa er fullført.

8. Underskrifter

Denne kontrakten er underskriven i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Eigar:

19.09.2018

Dato

Geir T. Kjetland

Geir Tundal Kjetland

0540.22.32082

Bankkontonummer til eigar

Kjøpar:

20.09.18 Stavanger

Lone K. Paulsen

For Rogaland fylkeskommune
ved Statens vegvesen Region vest





Takst nr. 10	Gnr./Bnr. 148/7	Bnr. KJETLAND GEIR	Adresse VORNEDALSVEGEN 94 B 5542 KARNISUND	Postnr / sted 5542 KARNISUND	Permanent erverv ca. m ² 25,9	Midlertidig beslaglagt ca. m ² 157,5	Allerede innlagt areal ca. m ² 157,5	Merknader																																																				
<table border="1"> <tr> <th colspan="4">A. 210818</th> </tr> <tr> <td>Revidert etter revideringsplan</td> <td>Revisjonsdato</td> <td>Revisjonsnr.</td> <td>Revisjonsdato</td> </tr> <tr> <td>Nr.</td> <td>Dato</td> <td>Stikk</td> <td>Oppg. 4</td> </tr> <tr> <td colspan="4">KARNØY KOMMUNE</td> </tr> <tr> <td colspan="4">Reguleringsplan sykkelveg med fortau og V4-trasé</td> </tr> <tr> <td colspan="4">Nornheim - Vornedal</td> </tr> <tr> <td colspan="4">Grunnerverv</td> </tr> <tr> <td colspan="4">Taktstnr 10</td> </tr> <tr> <td colspan="2">Oppmåling</td> <td colspan="2">Målestokk</td> </tr> <tr> <td>Skala</td> <td>Dato</td> <td>Bl. nr.</td> <td>Bl. nr.</td> </tr> <tr> <td>1:500</td> <td>09.05.11</td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td colspan="4">Dokumentnr. A060784</td> </tr> <tr> <td colspan="4">Tegning nr. W110 A</td> </tr> </table>									A. 210818				Revidert etter revideringsplan	Revisjonsdato	Revisjonsnr.	Revisjonsdato	Nr.	Dato	Stikk	Oppg. 4	KARNØY KOMMUNE				Reguleringsplan sykkelveg med fortau og V4-trasé				Nornheim - Vornedal				Grunnerverv				Taktstnr 10				Oppmåling		Målestokk		Skala	Dato	Bl. nr.	Bl. nr.	1:500	09.05.11			Dokumentnr. A060784				Tegning nr. W110 A			
A. 210818																																																												
Revidert etter revideringsplan	Revisjonsdato	Revisjonsnr.	Revisjonsdato																																																									
Nr.	Dato	Stikk	Oppg. 4																																																									
KARNØY KOMMUNE																																																												
Reguleringsplan sykkelveg med fortau og V4-trasé																																																												
Nornheim - Vornedal																																																												
Grunnerverv																																																												
Taktstnr 10																																																												
Oppmåling		Målestokk																																																										
Skala	Dato	Bl. nr.	Bl. nr.																																																									
1:500	09.05.11																																																											
Dokumentnr. A060784																																																												
Tegning nr. W110 A																																																												
TEGNFORKLARING																																																												
Permanent erverv Permanent klausulert areal Midlertidig beslaglagt areal Allerede innlagt areal			Eksisterende eiendomsgrænse Ny eiendomsgrænse Anleggsteile Eksisterende vegkant Regulerede formålsgrænser Regulerede friskiltninger Pærseilgrænse																																																									
XX/XX Gårds-/Bruksnr. Takst nr.																																																												

